

Rune Myklebust på Lio Sag satsar på Husnes.

03.03.2018



Det nye lagerbygget og trelastutsalet ligg sentralt til ved SIM og TESS bygga.

Lio Sag & Treforedling med dagleg leiar, Rune Myklebust, frå Uskedalen satsar på Husnes. Det nye lagerbygget og trelastutsalet er snart klart for innflytting. Filialen ligg sentralt til på industriområde ved SIM og TESS sine anlegg. Med utbetra avkjøring frå Fylkesvegen og god tilkomst, skal det vera enkelt å finna fram.

Rune Myklebust har tru på framtida. Han satsar og får daglege gode tilbakemelingar. Den dagen Uskedalen.no var nedom plassen, var grovbygget ferdig. I går var det arbeid på bygget med innreiing og ferdigstilling av hems, eit samla areal på vel 1000 kvadratmeter. Berre hemsane vil utgjera same arealet som ein alt har på Husnes i dag.

Ein legg opp til ei effektiv drift på Husnes med god tilkomst og rasjonell henting og bringing av varer. Uteplassen og snuplassen er romslag. Større køyretøy kjem lett til. Det nye trelastbygget er lett synleg frå hovudvegen og med god skilting, vil verksemda vera godt profilert for alle forbipasserande. Verksemda vurderer å kjøpa tomt til eit bygg nr. 2.

Rune Myklebust er dagleg leiar i Lio Sag & Treforedling. Dottera, Kristine Heimvik er butikksjefen. Joachim Ekeland er lagersjef.

Opningsdagen for det nye anlegget er ikkje fastsett enno, men det vert i løpet av våren..

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Lagerbygget har ei grunnflate på Med hemsen vil det totale arealet vera på 1000 kvadratmeter.